



## Innkalling for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 18.10.2018  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 18.00

### Saksliste:

| Saksnr   | Tittel   |
|----------|--|
| 030/2018 | Meldingar og referatsaker  |
| 031/2018 | Fritak for bygningar som har historisk verdi   |
| 032/2018 | Kostnadsramme for ombygging Solhall - trinn 1  |
| 033/2018 | Mellombels byggje- og deleforbod - Kulturminne - Radøy - klage                             |
| 034/2018 | Plansak 12602016000700 - Detaljregulering - Manger, Urhaug bustadområde - godkjenning      |
| 035/2018 | Plansak 12602017000900 Områdeplan Bø, skule og barnehage - godkjenning                     |
| 036/2018 | Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale                     |
| 037/2018 | Revidering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 |
| 038/2018 | Tertialmelding januar - august 2018  |
| 039/2018 | Uteområde Sæbø skule - utvida omfang   |

Spørjetime kl. 18.00: Det blir spørjetime kl. 18.00. For utfyllande svar må spørsmål vera på rådhuset seinast 48 timar før spørjetimen tar til. Siste frist for å melda inn spørsmål er seks timar før møtestart.

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

12. oktober 2018

Jon Askeland  
ordførar

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 030/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 18.10.2018 |

| Sakshandsamar     | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|-------------------|--------------|--------------|
| Arthur Kleiveland | 18/2332      | 18/14297     |

## Meldingar og referatsaker

### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Aufera AS – møtebok generalforsamling 23. mai
- b. BKK – møteprotokoll generalforsamling 7. juni
- c. NUI – representantskap 8. juni – protokoll
- d. RNHI – representantskap 8. juni - protokoll
- e. Nordhordland Revisjon IKS – representantskapsmøte 8. juni
- f. Interkommunalt Arkiv – representantskapsmøte 2018 – protokoll
- g. NGIR – årsmelding 2017
- h. Kontrollutvalet i Radøy – møteutskrift 19. september
- i. Særutskrift Kontrollutvalet i Radøy – selskapskontroll Sambandet Vest
- j. Fellesnemnda for Alver – møtebok 1. oktober
- k. Møtebok Fellesnemnda – partssamansett utval 27. september
- l. Fellesnemnda for Alver – møtebok 3. september
- m. Regionrådet for Nordhordland - protokoll 8. juni
- n. Regionrådet - protokoll 14. september

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

### Vedlegg:

Auferer AS - generalforsamling 23. mai - møtebok

Generalforsamling BKK 7. juni 2018 \_protokoll

Representantskap NUI 8. juni - signert protokoll

Representantskap RNHI 8. juni - signert protokoll

Nordhordland Revisjon IKS\_representantskapsmøte møteutskrift 08.06.18

Representantskapsmøte Interkommunalt Arkiv 2018\_protokoll

NGIR årsmelding 2017

Kontrollutvalet Radøy 2018 09 19 Møteutskrift

Særutskrift kontrollutvalet Radøy selskapskontroll Sambandet Vest AS 2018 09 19

Møtebok fellesnemnda 01.10.2018

Møtebok PSU 27.09.2018

Møtebok fellesnemnda 03.09.2018 (3)

Regionrådet 8. juni protokoll

Protokoll Regionrådet 5-2018, 14. september

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 063/2018 | Formannskapet i Radøy | PS   | 04.10.2018 |
| 031/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 18.10.2018 |

| Sakshandsamar   | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|-----------------|--------------|--------------|
| Sveinung Kvamme | 18/2092      | 18/12288     |

### Fritak for bygningar som har historisk verdi

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Då grunnlaget for eigedomsskatt i 2009 vart utvida til å gjelda alle eigedomar i Radøy, vart det også vedteke at bygningar med historisk verdi skal vera fritekne for eigedomsskatt, jf KST sak 72/08.

I sak KST 74/08 vart det gitt fritak for ei konkret liste med eigedomar. I sak KST 08/09 vart det gitt fritak for ytterlegare eigedomar.

I sak KST 57/17 vart ny kulturminneplan vedteken, der alle registrerte kulturminne vart klassifisert i ulike verneklassar. Som følgje av vedteken kullturminneplan, bør også fritaksreglane justerast slik at fritak følgjer kulturminneplanen.

##### Vurdering

Rådmannen vurderer det slik at det må vera dei mest verdfulle kulturminna som kan fritakast for eigedomsskatt, og går såleis inn for at freda bygg og bygningar i verneklasse A vert fritekne for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7 b). Dette inneber også at bygg som på eit seinare tidspunkt vert ført opp i verneklasse A, automatisk får fritak for eigedomsskatt. Tilsvarande vil mogelege bygg som går ut av klasse A mista fritaket, med mindre bygget i staden blir freda. Rådmannen meiner også at tidlegare gitte fritak for eigedomsskatt etter § 7b) må opphevast, slik at det ikkje er tvil om kva eigedomar som er fritekne etter § 7b).

##### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for bygningar av særskild historisk verdi, jf eigedomsskattelova § 7b. Dette gjeld freda bygg og bygg som er registrert som verneklasse A i Radøy kommune sin kulturminneplan. Tidlegare gitte fritak etter same paragraf vert oppheva.

## **Formannskapet i Radøy - 063/2018**

### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS - vedtak:**

Det vert gitt fritak for eigedomsskatt for bygningar av særskild historisk verdi, jf eigedomsskattelova § 7b. Dette gjeld freda bygg og bygg som er registrert som verneklasse A i Radøy kommune sin kulturminneplan. Tidlegare gitte fritak etter same paragraf vert oppheva.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 065/2018 | Formannskapet i Radøy | PS   | 04.10.2018 |
| 032/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 18.10.2018 |

| Sakshandsamar   | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|-----------------|--------------|--------------|
| Sveinung Kvamme | 18/2228      | 18/13580     |

### Kostnadsramme for ombygging Solhall - trinn 1

#### Saksopplysingar:

Radøy kommune overtok Solhall gbnr 45/188 frå Helse Bergen i februar 2018. Sjølve tomte er stor og sentralt plassert, og det har stor verdi for Radøy kommune å sikra seg denne eignedomen.

Av budsjettdokumentet for 2018 går det fram at det skal leggjast til rette for barnehagedrift i større deler av bygget. Kommunestyret løyvde for 2018 kr 21.000.000 til kjøp og oppgradering av bygget. Kjøpesummen for eignedomen var kr 12.813.025,-, og resterande løyving, kr 8.186.975 var såleis tiltenkt oppgradering. Av budsjettdokumentet for 2018 går det også fram at ombyggingsbehovet ikkje var avklåra då budsjettet vart vedteke. Vidare varsla rådmannen eiga sak dersom det skulle visa seg at ramma ikkje var tilstrekkeleg.

I planlegginga var det frå starten lagt til grunn at første trinn av ombygginga omfatta midtfløyen bygget. Undervegs i prosessen har det også kome fram at uteområdet må oppgraderast vesentleg for å stetta barnehagen sine behov. Tilsvarende må parkeringsareala flyttast og utvidast. Dette var det heller ikkje teke omsyn til i dei første estimata. Trinn 1 av ombygginga omfattar såleis:

- Ombygging av midtfløyen
- Større uteareal for barnehagen
- Nye parkeringsareal

Det er gjort avtale med arkitekt, og det er gjennomført tilstandsanalyse, brannprosjektering, kontroll av brannkonsept, miljøteknisk grunnundersøking og miljøsaneringsrapport. Totalentreprise har vore på anbod, og den samla kostnaden til første trinn ombygginga, inkludert administrasjon og uføresette kostnader er kr 31.824.484. Dette er langt høgare enn estimatet gitt i budsjettet for 2018, men ut frå dei faktiske tilhøve meiner rådmannen at dette likevel er ei nødvendig og realistisk ramme for ombygginga av Solhall byggetrinn 1. I arbeidet som blir gjort i trinn 1, er det også med t.d. tekniske rom og anlegg, som vil gjelda heile ombygginga. Det er likevel framleis ei uavklåra sak iht ventilasjon, som kan gje ytterlegare kostnader, utan at dette kan talfestast no. Vidare er det opsjonar i tilbodet som ikkje er løyste ut, men som blir vurdert undervegs. Dette kan også føra til at kostnadene vert høgare enn føresett, men rådmannen gjer samstundes merksam på at det er avsett

2,8 mill til utføresette kostnader i prosjektet.

På grunnlag av dette meiner rådmannen at kostnadsramma for Solhall byggetrinn 1 blir sett til kr 32 mill. Arbeidet vil bli utført i 2018 og 2019.

I budsjettet for 2018 er det løyvd 15 mill til kjøp og oppgradering. I høve til framdriftsplan vil dette truleg vera for lite til å dekkja kjøp og arbeid som vert utført i 2018. Rådmannen kjem attende til budsjettregulering når endeleg framdrifts – og betalingsplan er avtala. Løyving for 2019 vert gitt i budsjettvedtaket for 2019.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kostnadsramme for ombygging av Solhall, byggetrinn 1, slik det går fram av saksutgreiinga, vert sett til kr 32.000.000.

**Formannskapet i Radøy - 065/2018**

**FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Kostnadsramme for ombygging av Solhall, byggetrinn 1, slik det går fram av saksutgreiinga, vert sett til kr 32.000.000.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                                    | Type | Dato       |
|----------|--|------|------------|
| 054/2018 | Hovudutval for plan, landbruk og teknisk | PS   | 12.09.2018 |
| 033/2018 | Kommunestyret i Radøy                    | PS   | 18.10.2018 |

| Sakshandsamar  | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|----------------|--------------|--------------|
| Silje Haukedal | 18/391       | 18/12389     |

### Mellombels bygge- og deleforbod - Kulturminne - Radøy - klage

#### Saksopplysingar:

Radøy kommune har nyleg vedteke Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-27. Bakgrunnen for arbeidet med kulturminneplanen er eit nasjonalt mål om at alle kommunar skal ha vedteke kulturminneplan innan 2020. Målsettinga med kulturminneplanen er å leggje grunnlag for at dei viktigaste lokale kulturminna vert tekne vare på.

Kulturminneplanen har definert kulturminne i verneklasse A til D. Objekta i verneklasse A er objekt som det ikkje skal gjevast rivingsløyve for.

Kulturminnelova og plan- og bygningslova har få heimlar for å sikre kulturminna. Kulturminnelova sikrar berre dei aller eldste kulturminna, medan plan- og bygningslova føreset at kulturminne vert verna gjennom plan. Anten med omsynssone bevaring i kommuneplan, eller i eigen verneplan med juridisk bindande verknad.

Kommunen arbeider for tida med delrevisjon av Kommuneplan for Radøy kommune der mellom anna kulturminne er tema. I kommuneplanen vil alle kulturminne med verneklasse A verte sikra med omsynssoner med tilhøyrande føresegner.

For å sikre at ikkje kulturminne som har fått verneklasse A vert rive/bygd om i perioden fram til revidert kommuneplan er vedteken, er det naudsynt å leggje ned mellombels forbod mot tiltak knytt til kulturminne i verneklasse A.

Det vart fatta følgjande vedtak i kommunestyret sak 021-2018 på møte 21.06.2018;

#### **KS - vedtak:**

Det vert vedteke mellombels forbod mot tiltak etter pbl. § 1-6 på eigedommar som har kulturminne



med verneklasse A etter Radøy kommune sin Kulturminneplan 2017-2027, jf. pbl. § 13-2.

Område forbodet gjeld kjem fram av vedlegg; Kartutsnitt – kulturminne verneklasse A.

Grunngjeving til vedtaket går fram av saksutgreiinga og vedlegga.

## **Klage**

Kommunen har den 19.07.18 moteke klage frå Jonny Marøy, eigar av gnr. 23 bnr. 15, Kenneth Marøy, eigar av gnr. 23 bnr. 20, Snorre Marøy eigar av gnr. 23 bnr. 12, Dag Adrian Bjaarstad, eigar av gnr. 23 bnr. 11, og Kåre Marøy, eigar av gnr. 23 bnr. 3.

## **Klagerett og klagefrist**

Alle klagarane har klagerett som part i saka.  
Klagen er motteke 19.07.2018 og er framsett rettidig.

## **Klagegrunnar**

I klagen er det vist til følgjande klagegrunnar:

Vedtaket omfattar heile utmarksarealet til B.nr. 15, 20, 11 og store delar av B.nr. 12 og 3. Vi meiner vedtaket burde vore avgrensa til spesifikke objekt, og ikkje fange heile området slik ein legg opp til i vedtaket. Her er det også eigedommar som ikkje har kulturminner/krigsminner i det heile. Dette er etter vår oppfatning eit alt for stort inngrep i vår mogelegheit til sjølv å forvalte eigedommane i framtida.

## **VURDERING**

Klagen har vore sendt på uttale til kulturavdelinga i Radøy kommune. Det er kome følgjande uttale til klagen:

Knappen i Marøy er vurdert til å vera eit område med svært stor kulturminneverdi. Anlegga som ligg i området er relativt godt bevart og svært godt eigna til å formidla historien om andre verdskrig. At området er så urørt og at vegetasjonen er halden nede, er ein viktig for kulturminna. Det er såleis og avgjerande at ein ser området som ein heilskap og ikkje berre som enkeltstående anlegg.

Ein av grunnane til at området er så godt i varetatt, er at vegetasjonen vert halde nede av aktiv beiting i området. Frå eit kulturminneperspektiv er det såleis viktig at eit bygge- og deleforbod og omsynssone ikkje er til hinder for bruk av område til beite.

Når det gjeld avgrensing av området er denne gjort av Hordaland fylkeskommune i samband med registrering av kulturminne. Grensene for området vart seinare justerte då det kom innspel til saka då den var sendt til grunneigarar på uttale. Ei oppdeling av omsynssona til fleire mindre omsynssoner kring kvart einskild objekt vil ikkje sikra kulturminna på ein god nok måte. Vidare er det naudsynt å sikre tilstrekkeleg areal kring kulturminna for å sikre heilskapen i område.

På bakgrunn av dette rår kulturmynde i frå at klagen blir tatt til følgje.

I samband med rullering av kommuneplanen vil det verta vurdert om yttergrensa for omsynssona kan trekkast inn. Rullering av kommuneplanen er nært føreståande. Sannsynlegvis kjem kommuneplanen på høyring i slutten av oktober, og det vil då vera mogleg å kome med kommentarar til den endelege omsynssona.

Det kjem klart fram i kulturmynde sin uttale at mindre omsynssoner kring kvart objekt ikkje vil sikre verdien av kulturminnet. Omsynssona er i utgangspunkt sett av Hordaland Fylkeskommune som regional kulturmynde. Det er naudsynt at omsynssona dekker eit område kring kulturminna for å sikre heilskapen i området. Det er ønskeleg å sikre heile ytre del av Marøy som eit viktig krigsminne på Radøy. I kulturminneplan for Radøy 2017-2027 står det følgjande om fortet i Marøy; «*Karakteren og tilstanden til kulturminnet og det autentiske og ubebygde landskapet i kring gjev området svært høg verneverdi og opplevingsverdi.*»

Rådmannen vil peike på at omsynssona som no er vedtatt er ei mellombels omsynssone fram til temarullering av kommuneplanen sin arealdel er ferdig. I arbeidet med rullering av kommuneplanen vil det bli lagt inn omsynssone for å sikre alle kulturminne/kulturmiljø som inngår i kulturminneplanen med verneklasse A. Marøy fort er eit av desse kulturminna. I den samanheng vil det, som det kjem fram av kulturminnestyresmakta sin uttale, bli vurdert om yttergrensa for omsynssona kan trekkast inn/justerast. Klagar vil ha mogelegheit til å kome med nye innspel/merknadar når kommuneplanen kjem på offentleg ettersyn.

## **Konklusjon**

Det er rådmannen si vurdering at det ikkje har kome fram nye opplysningar i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka.

## **Sakshandsamingsfrist**

Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-7, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c:

*klagesaker skal forberedes av kommunen og oversendes til klageinstansen så snart saken er tilrettelagt, og senest innen 8 uker. Samme frist gjelder der kommunen tar klagen helt til følge og*

*fatter et nytt vedtak. Fristen gjelder for klage i alle byggesaker, herunder klage i byggesaker der tiltaket krever dispensasjon fra bestemmelser gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven.*

Klagen er motteke 19.07.18. Frist for saksførebuing er 13.09.18. Grunna møtekalender for politisk organ har det ikkje vore mogleg å saksførebu saka innan fristen. Klagen er ferdig saksførebudd i møte til kommunestyret 18.10.18. Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Fylkesmannen i Hordaland (klageorganet) for endeleg avgjerd så snart møtebok ligg føre, og seinast innan 2 veker etter møtedato.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk si innstilling til kommunestyret:

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 21-2018 datert 21.06.2018 vert stadfesta.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova §§ 13-2.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

**Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 054/2018**

**PLT - handsaming:**

Edgar Grindheim (AP) advara mot ei så omfattande omsynssone at det kan sparka beina under dei som driv med beiting. Han sa at området i denne samanheng ikkje lenger vil ha nokon verdi dersom det blir slutt på beitinga.

Fungerande møteleiar Leif Taule kom med følgjande innspel under behandlings-delen i møteprotokollen:

I samband med rulleringa av kommuneplanen ber hovudutvalet om at det blir sett nøyare på ei avgrensing av omsynssone i beiteområde.

Taule fekk tilslutning i utvalet for dette innspelet.

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**PLT - vedtak:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk si innstilling til kommunestyret:

Klagen vert ikkje teke til følgje og vedtak i sak 21-2018 datert 21.06.2018 vert stadfesta.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova §§ 13-2.

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

**Vedlegg:**

Mellombels byggje- og deleforbod - Kulturminner - Radøy - merknad kulturkontoret

1812218 Uttale til klage på mellombels byggje- og deleforbod

Mellombels byggje- og deleforbod - Kulturminner - Radøy - Klage på Vedtak

Klage på Vedtak om mellombels bygge- og deleforbod i samsvar med Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027

Byggesak - Byggje- og deleforbod - Kulturminne - Radøy

Byggesak - Varsel om mellombels byggje- og deleforbod for sikring av vern av kulturminne

Byggesak - Byggje- og deleforbod - Kulturminner - Radøy - varsel om mellombels byggje - og deleforbod for vern og sikting av kulturminner - svar

Merknadar vern av kulturminne

Merknader - kulturminner

Kartutsnitt - kulturminner verneklasse A - endret til vedtak

Verneklasse A

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 034/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 18.10.2018 |

| Sakshandsamar        | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|----------------------|--------------|--------------|
| Tonje Nepstad Epland | 16/1662      | 18/14397     |

### Plansak 12602016000700 - Detaljregulering - Manger, Urhaug bustadområde - godkjenning

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Saka gjeld godkjenning av detaljreguleringsplan for Urhaug bustadområde på Manger.

Planområdet er på 22,4 daa og ligg på Urhaug, om lag 1 km vest for kommunesenteret på Manger. Planen skal leggje til rette for utbygging av bustadområde med tilhøyrande veg- og grøntareal.

Forslagstillar er Rili Eiendom AS og utførande plankonsulent er Arkoconsult AS.

Kommunen har den 05.10.18 motteke reviderte plandokument frå forslagsstillar etter høyring og offentleg ettersyn.

#### Gjeldande planstatus

I gjeldande Kommunedelplan for Manger 2007-2019 er planområdet sett av til bustad.

#### Oppstart

Det vart halde oppstartmøte hjå kommunen 27.09.16. Varsel om oppstart vart kunngjort i avisa og på kommunen si heimeside. Høyringsinstansar og naboar vart varsla i brev dagsett 14.10.16. Frist for å kome med merknader vart sett til 14.11.16.

Kommunen mottok kopi av merknad til oppstartsvarsel frå Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Merknadene er gjennomgått og vurdert i PLT-sak 027/2018.

Det viser seg at Arkoconsult har motteke ytterlegare 6 merknader som ved ein inkurie ikkje var vedlagt planframlegget ved innsending til kommunen. Planframlegget var heller ikkje vedlagt merknadsskjema. Desse merknadene vart difor ikkje gjennomgått i sak 027/2018. Merknadene vert

gjennomgått i det følgjande:

**BKK** sin merknad gjer greie for generelle tilhøve gjeldande tilkomst til BKK sine anlegg, overdekking av leidningar/oppfylling av terreng, eventuell trong for nettstasjon, melding om tilkopling, mm. Merknaden er av informativ karakter.

**NVE** har ingen innspel til planframlegget.

**Kystverket** har ingen innspel til planframlegget.

**Kurt Urhaug** sin merknad

**Statens vegvesen** sin merknad til oppstartsvarsel:

*Tilknytning til riks- og fylkesvegnettet:*

*Reguleringsplanen omfattar del av fv. 410 og får tilknytning til fylkesvegnettet via kryss mellom kommunal veg og fylkesvegen. Krysset er regulert gjennom fleire eldre planarbeid. Det er tilrettelagt med fortau på sørsida av fylkesvegen. Det er også busshaldeplass i begge køyreretningar.*

*Det vidare planarbeidet må ta høgde for den auka bruken av krysset. Ei enkel trafikkanalyse kan avdekke kva krav som skal leggjast til grunn for utforming av kryss og veganlegg.*

*Vi vurderer at dagens kryss har behov for oppstramming og betre tilrettelegging for mjuke trafikantar. Vi rår difor til at krysset vert oppdatert i samsvar med vegnormalen (N100) og Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Siktlinjer, også til gang- og sykkelvegen, må gå fram av plankartet.*

*Universell utforming:*

*Krav til universell utforming må leggjast til grunn i det vidare planarbeidet. Det er mellom anna viktig å sikre tilstrekkeleg areal til universell utforming av mellom anna gangsystem og kollektivhaldeplassar.*

*Busslomme:*

*Utforming av busslomme må vere i samsvar med Handbok V123 – Tilrettelegging av kollektivtransport på veg.*

*Tekniske teikningar:*

*Planlegging av tiltak knytt til fylkesveganlegget, slik som til dømes kryss, avkøyrslar og vegstrekningar, må skje i samråd med Statens vegvesen. Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen. Tekniske teikningar for reguleringsplan utarbeidd i samsvar med Statens Vegvesen si handbok R700 Tegningsgrunnlag og tilpassa omfanget av den aktuelle planen vil vere eit godt utgangspunkt for våre vurderingar. Vi ynskjer å få teknisk plan til gjennomsyn før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn.*

*Føresegner og rekkjefølgjekrav:*

*I føresegnene bør det innarbeidast krav om at ein byggeplan for tiltak i*

*tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak.*

*Statens vegvesen ber også om at det vert sett krav om opparbeiding av kryss mellom fylkesveg og kommunal veg i samsvar med godkjent reguleringsplan før det vert gjeve løyve til nye tiltak i planområdet. Dette er grunngeve med at det er viktig med eit trafikksikkert kryss også i anleggsperioden innan planområdet.*

*Vidare medverknad:*

*Når det føreligg eit konkret planforslag vil Statens vegvesen vurdere omfanget av utbygginga og om våre interesser er tatt tilstrekkeleg i vare.*

Forslagsstillar si vurdering:

*Tilknytning til riks- og fylkesvegnettet*

*Opparbeida fortau langs austsida av fylkesvegen er stramma opp ved at fortau og kryssing av Urhaugvegen (kommunal tilkomstveg) no er vist tilnærma etter handbok N100/V121. Grunna første avkøyrsløse til høgre inn Urhaugvegen, vil det ikkje vere mogleg å utforme fortau heilt etter handboka. Det er òg realtvt liten trafikk inn.*

*Ei enkel trafikkanalyse kan avdekke kva krav som skal leggjast til grunn for utforming av kryss og veganlegg.*

*Vi vurderer at dagens kryss har behov for oppstramming og betre tilrettelegging for mjuke trafikantar. Vi rår difor til at krysset vert oppdatert i samsvar med vegnormalen (N100) og Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Siktlinjer, også til gang- og sykkelvegen, må gå fram av plankartet.*

*Universell utforming:*

*Krav til universell utforming må leggjast til grunn i det vidare planarbeidet. Det er mellom anna viktig å sikre tilstrekkeleg areal til universell utforming av mellom anna gangsystem og kollektivhaldeplassar.*

*Tekniske teikningar:*

*Planlegging av tiltak knytt til fylkesveganlegget, slik som til dømes kryss, avkøyrsløse og vegstrekningar, må skje i samråd med Statens vegvesen. Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen. Tekniske teikningar for reguleringsplan utarbeida i samsvar med Statens vegvesens handbok R700 Tegningsgrunnlag og tilpassa omfanget av den aktuelle planen vil vere eit godt utgangspunkt for våre vurderingar. Vi ynskjer å få teknisk plan til gjennomsyn før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn.*

*Føresegnar og rekkjefølgjekrav:*

*I føresegnene bør det innarbeidast krav om at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak. Statens vegvesen ber også om at det vert sett krav om opparbeiding av kryss mellom fylkesveg og kommunal veg i samsvar med godkjent reguleringsplan før det vert gjeve løyve til nye tiltak i planområdet. Dette er grunngeve med at det er viktig med eit trafikksikkert kryss også i anleggsperioden innan planområdet.*

*Vidare medverknad:*

*Når det føreligg eit konkret planforslag vil Statens vegvesen vurdere omfanget av utbygginga*

*og om våre interesser er tatt tilstrekkeleg i vare.*

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen legg til grunn at Statens vegvesen sine merknader er teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

### **Høyring og offentleg ettersyn**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk gjorde vedtak om første gongs høyring og offentleg ettersyn i vedtak av 02.05.18, sak 027/2018.

Offentleg ettersyn vart kunngjort i Strilen og på kommunen si heimeside 29.05.18 med høyringsfrist 01.08.18. Det vart sendt ut høyringsbrev av 01.06.18.

### **Vurdering av merknader**

Det har kome inn 7 merknader etter høyring og offentleg ettersyn:

1. Fylkesmannen i Hordaland
2. Hordaland Fylkeskommune
3. Statens vegvesen
4. Valdersnes
5. Bø og Grindheim
6. Kommunal kulturminnestyresmakt
7. Mangerøy og Hvidtsten

#### **1. Fylkesmannen i Hordaland, 30.07.18**

Rår til at det vert knytt meir klar føresegn til rekkefølgekrava som høyrer til f\_BUT1. Meinar krava om opparbeiding må seie noko om kvalitet og antal leikeapparat.

Fylkesmannen meiner at det er uheldig at det ikkje skal opparbeidast fortau i planområdet og rår til at dette må vurderast på nytt i dei mest trafikkerte områda.

Forslagsstillar sin kommentar:

*Tatt til følgje, lagt inn føresegn om antal leikeareal og kvalitet.*

*Tatt til følgje, fortau lagt inn til 10 meter etter avkjørsle SV8. Det er lagt inn føresegner som sikrar opparbeidelse av fortau, samt gangtilkomst gjennom BKS1 slik at ein kan leggje til rette for kryssing av veg ved f\_BKT.*

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tek til vitande at merkningen er teke til følgje.

#### **2. Hordaland fylkeskommune, 19.06.18**



Barn og unges interesser:

Rår til at det er føresegn som sikrar rekkefølgjekrav og kvalitet i utforming av areal avsett til leik og rekreasjon.

Klima og Energi:

Situasjonen med overvatn må følgast opp vidare i plan- og utbyggingsprosessen.

Landskap:

Ønskjer at utbygginga vert tilpassa planområdet sine kvalitetar og ikkje øydelegg desse eller får ein negativ fjernverknad.

HFK har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Forslagsstillar sin kommentar:

Innspel vert tatt til etterretning.

Rådmannen si vurdering:

Kvalitet og rekkefølgjekrav for leikeareala er sikra i planframlegget. Det er krav til utforming i BFS5 og BFS6 for å ta omsyn til landskapsverknad og fjernverknad. Overvatn vert handtert i byggesak.

**3. Statens vegvesen, 19.06.18**

*Statens vegvesen har tidlegare i vårt brev av 09.11.2016 gjeve uttale til melding om oppstart av planarbeidet. I dette brevet fokuserte vi spesielt på tiltak knytt til fylkesvegen (kryss, busslommer og tilbod til mjuke trafikantar) og tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.*

*Planframlegget viser utbetring av krysset med fylkesveg 410 og tilbaketrekking av gang- og sykkelvegen forbi krysset. Tilsvarande er det vist utforming av busslomme på nordaustsida av krysset innanfor planområdet.*

*Etter det vi kan vurdere er krysset dimensjonert i samsvar med Handbok N100 (vegnormalen) og Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss.*

*Frisiktsoner er vist med tilfredsstillande krav slik vegnormalen krev.*

*Busslomma er dimensjonert i samsvar med Handbok 123 tilrettelegging av kollektivtransport på veg.*

*Statens vegvesen vil setje som krav at det vert innarbeidd eit rekkjefølgjekrav om at krysset med fylkesveg 410 og tilbaketrekking av gang- og sykkelvegen (o\_SKV, o\_SGS1 og o\_SGS2) skal vere opparbeidd i samsvar med godkjend reguleringsplan før det kan gjevast mellombels bruksløyve for nye bustader innanfor planområdet.*

Forslagsstillar sin kommentar:

*Tatt til følgje, rekkefølgekrav vedr. gang- og sykkelveg og kryss lagt inn.*

*Vidare er det knytt fortau langs Urhaugvegen fram mot eksisterande gang- og sykkelveg.*

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tek til vitande at merknaden er teke til følgje.

4. **Andreas Valdersnes, udatert**

*Trafikk: Vonar at det er naudsynt med tiltak for å betra siktilhøva i krysset der vegen frå 46/6 koplast på Urhaugen. Er redd for at farlege situasjonar kan oppstå ved auka trafikkmengde.*

*Mangerspollen: Rår til at terskelen inn til Mangerspollen vert retta opp igjen/senkast.*

Forslagsstillar sin kommentar:

*Kryss ved 46/6 ligg langt utanfor planområdet, og kan ikkje sjå at det kan påleggast krav om utbetring av dette gjennom denne detaljplanen. Dersom innspelet gjeldt avkjørsle ved 45/5, så skal dette utbedrast ved utbygginga, og tilstrekkeleg friskt skal etablerast.*

*Mangerspollen ligg og utanfor planområdet.*

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tek forslagsstillar sin kommentar til vitande.

5. **Bø og Grindheim, 17.06.18**

Er bekymra for situasjonen med vegen og støyen det vil føre med seg ved auka trafikkmengde utan justering i vegbreidda som er der i dag.

*Forslår fylgjande:*

*Eks. 1 kan vera å avtala å komma inn på utkjørsle til SV2, som kjem ut på ein flate på SV1 og mykje breiare veg.*

*Eks. 2: kan vera å leggja inn rekkefølgekrav at vegbreidda på SV1 vert utvida mellom SV2 og forbi SV3, og at det vert sett på støyskjerm mot eigedom 45/234*

*Rår til at fortau langs Urhaugvegen blir lagt inn under rekkefølgekrava då trafikkmengda i området er stor.*

*Antall bueiningar: Rår til at kommunen vurderer antal bueiningar på nytt, då spesielt 6-mannsbustadane.*

Forslagsstillar sin kommentar:

*Vegbreidda er vurdert som tilstrekkeleg. Området har tilstrekkeleg med avkjørsler som fungerer som møteplassar. Mjuke trafikkantar vert ivareteke med etablering av fortau lang o\_SV1.*

*Ein kan ikkje sjå at auka trafikkmengd medfører stor ulempe i forhold til støy. Ein kan vurdere om fartsdempande tiltak på den kommunale vegen bør etablerast.*

*Tatt til følge, fortau lagt inn.*

*Tomtene er såpass sentrumsnære at det er ynskjeleg og god arealbruk å fortette delar av området. Det har og vore ytra ønske frå kommunen si side om at ein tilrettelegg for litt mindre bustader og går vekk frå tradisjonelle 4-mannsbustader som ein har bygd mange av i området.*

#### Rådmannen si vurdering:

Rådmannen er samd i forslagsstillar si vurdering av merknaden.

#### 6. Kommunal kulturminnestyresmakt, 24.07.18

*Gjer merksam på at i området med Mangersvågen er det no mellombels bygge- og deleforbod i samsvar med kulturminneplanen for Radøy kommune 2017-2027. Området vil verta foreslått som omsynssone ved rullering av kommuneplan.*


#### Forslagsstillar sin kommentar:

*Tatt til følge. Området ved skitkaien er lagt inn med formål i tråd med Kommunedelplan for Manger, og det er lagt omsynssone for bevaring kulturmiljø over arealet. Det er fastsett egne føresegner for omsynssona.*

#### Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har i sak 021/2018 av 21.06.18 nedlagt bygge- og deleforbod i Mangersvåg i samsvar med kartutsnitt under. Området omfattar mellom anna Skitkaien, som er kulturminne i verneklasse A etter Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027 side 49 og vedlegg 2 nr 11.

Nr. 11 - Naustmiljø i Mangersvågen – gbnr. 45/1, 45/263, 45/1/71, 45/262, 45/321, 45/341, 45/422, 45/344, 45/19, 45/1/70, 45/271, 45/459, 45/463, 45/5, 45/6, 45/1/3, 45/5 og 45/26.



Rådmannen er samd i at det må leggjast inn omsynssone for kulturminne i samsvar med kartfesting i

Riksantikvaren sin kulturminnebase – Askeladden.

#### 7. **Mangerøy og Hvidsten, 30.07.18**

Uttalar seg som eigarar av gbnr. 45/92. Rår til at tomta deira vert sikra mot overvatn som følgje av utbygginga. Gjer merksam på at delar av planområdet har avrenning mot deira tomt, begge dei kommunale leidningsnetta går gjennom hagen deira.

Ønskjer å påverke mønehøgda på desse einingane i høve sol og lystilhøve i høve planlegging av eigen bustad tett inn til Urhaugvegen på gbnr. 45/92.

Ber om synfaring med utbygger for å vise feil kva angår snarvegar i området.

Forslagsstillar sin kommentar:

*Overvatn skal sikrast i detaljplanlegginga av bustadområdet. VA-rammeplan som skal godkjennast av kommunen før utbygging tek til, skal mellom anna gjere greie for denne hændringa.*

*Naboar vil få høve til å kommentere bygghøgder i byggesaker, men vi kan ikkje sjå at forslaget som no ligg til grunn skal få noko store konsekvensar for 45/92. Sol-skygge-analysene som er laga og illustrert i planskildringa syner ingen vesentleg skygge frå bygga over veggen mot 45/92. Noko skugge frå BFS2 må påreknast då dette være bustaden som ligg tettast på 45/92.*

*Når det gjeld snarvegar legg planframlegg opp til at det skal etablerast nye snarvegar. Snarveg veg BKS1 og 2 er mellom anna sikra i føresegner. Utbygger har ikkje sett behov for synfaring vedr. dette punktet.*

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen er samd i forslagsstillar si vurdering av merknaden.

#### **Vurdering**

Plandokumenta er revidert i samsvar med dei endringane som er naudsynt etter høyring og offentleg ettersyn. Det er rådmannen si vurdering at endringane er av ein art og eit omfang som ikkje utløyser krav til 2. gongs høyring. Det er ikkje knytt motsegn til planen. Merknader frå regionale styresmakter er teke til følgje gjennom planframlegget. Merknad frå private grunneigarar er dels ikkje relevant for planen, og dels teke til følgje.

Det er lagt inn rekkefølgjekrav til avkjørsle mot fylkesveg og fortau langs fylkesveg i samsvar med merknad frå Statens vegvesen.

Som følgje av merknad frå kommunal kulturminnestyresmakt er det lagt inn omsynsone for kulturmiljø i sjøbruksmiljøet i Mangersvåg i samsvar med Rikstantikvaren sin base Askeladden. Det er knytt retningslinjer til omsynsona. Samstundes er det lagt inn arealføremål naust. Arealføremålet skal sikre eksisterande naust, men ikkje opne for nye tiltak og rådmannen rår difor til ei språkleg justering i føresegna pkt. 3.6.1.

Ved kommunen sin kontroll av dei reviderte plandokumenta vart det avdekka at planen ikkje hadde

heiltrekt byggegrense mot sjø. Det var vist byggegrense i plankartet innafor BFS5, BFS6 og del av BFS10. Både BFS7, f\_SV6, del av f\_SV5 og veg/avkjørsle innafor BFS10 ville med denne løysinga verte råka av byggeforbod i 100-metersbeltet etter plan- og bygningslova § 1-8. Det har ikkje vore intensjonen i planen. Feilen er retta ved at det er lagt inn heiltrekt byggegrense i plankartet. Byggegrensa tek imidlertid ikkje i vare avkjørsle til BFS10. Rådmannen rår til at dette vert retta.

Det er gjort endringar i planskildringa når det gjeld kulturminne, fortau og arealførmeål naust i samsvar med endringane som er gjort i kart og føresegner.

Rådmannen rår elles til nokre mindre språklege justeringar i føresegna. Forslagsstillar sine endringar i føresegna er vist med raud skrift. Rådmannen sine framlegg til endringar er vist med grønt skrift og med gjennomstreking i raud skrift. Rådmannen har korrigert nummereringsfeil i føresegna.

Det er rådmannen si vurdering at planen kan godkjennast på vilkår.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Reguleringsplan for Urhaug bustadområde, planid. 12602016000700 vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Avkjørsle til BFS10 kjem i konflikt med byggegrense mot sjø. Byggegrensa må justerast i plankartet.
2. Rådmannen sine framlegg til språklege justeringar vert teke inn i føresegna.
3. Teiknforklaringa i plankartet må rettast i samsvar med endringane som er gjort i plankartet.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 12-12

### **Vedlegg:**

Planskildring

Plankart (193248)

Føresegner Urhaug etter offentlig ettersyn (L)(193251)

Illustrasjonsplan (193249)

Merknadsskjema offentlig ettersyn 30.08.18 (193250)

Plansak 12602016000700 - Detaljregulering - Manger - Urhaug busta...

Høyringsuttale (178068)

Plansak 12602016000700 - Detaljregulering - Manger - Urhaug busta...

Plansak 12602016000700 - Detaljregulering - Manger - Urhaug busta...

Plansak 12602016000700 - Detaljregulering - Manger - Urhaug busta...

Plansak 12602016000700 - Detaljregulering - Manger - Urhaug busta...

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 035/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 18.10.2018 |

| Sakshandsamar        | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|----------------------|--------------|--------------|
| Tonje Nepstad Epland | 17/1990      | 18/12626     |

### Plansak 12602017000900 Områdeplan Bø, skule og barnehage - godkjenning

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Saka gjeld godkjenning av områdereguleringsplan for Bø, skule og barnehage.

Planområdet er på ca 53 daa og ligg i tettstaden Bø (Hordabø) i Radøy kommune.

Planen sitt føremål er å leggje til rette for ny kommunal barnehage i Bø i samsvar med vedtak i formannskapet, sak 14/2017 og sak 031/2017.

Forslagsstillar er Radøy kommune og utførande konsulent er Forum Arkitekter AS.

Kommunen har den 04.10.18 motteke revidert planframlegg etter høyring og offentleg ettersyn der følgjande er opplyst endra:

- *I plankartet har mellom anna fortau o\_SF9 vorte flytta til busstopp, fortau o\_SF7 har vorte redusert i høve til eksisterande situasjon og o\_SGS nord for Bø barnhage er forlenga. I tillegg er siktlinjer i vegkryss vorte justerte.*
- *Planskildringa er oppdatert med reviderte illustrasjonar og tekstar i høve til trafikktryggleik og støytilhøve.*
- *ROS analysa er oppdatert i høve Fylkesmannen sin merknad til støytilhøva på barnehagetomta.*
- *Føresegnene innhald og forslag til forbetringar som de må ta stilling til.*

Radøy kommune har gjort ytterlegare justeringar i føresegna. Endringane i føresegna er markert med raudt i vedlagt føresegnsdokument.

#### Gjeldande planstatus

Planområdet ligg innanfor gjeldande reguleringsplan for Nordbø, planid. 12601994000100.

I gjeldande Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 er planområdet sett av til tenesteyting, bustader, friområde og veg.

Kommunen har for tida Kommunedelplan for Bø under arbeid. Arbeidet med Kommunedelplan for Bø og Områdeplan for Bø, skule og barnehage er koordinert. Områdeplan for Bø, skule og barnehage er meir detaljert enn Kommunedelplan for Bø, men områdeplanen vil vere i samsvar med framtidig overordna plan.

### **Oppstart**

Det vart halde oppstartmøte hjå kommunen 16.10.17. Varsel om oppstart vart kunngjort i avisa og på kommunen si heimeside. Høyringsinstansar og naboar vart varsla i brev dagsett 19.10.17. Frist for å kome med merknader vart sett til 24.11.17.

Som følgje av merknad til oppstartsvarsel frå Statens vegvesen vart plangrensa utvida og ny oppstart vart varsla ved brev dagsett 11.12.17. Frist for merknader vart sett til 09.01.18.

Som følgje av godkjenning av tekniske teikningar hjå Statens vegvesen er det gjort ei ytterlegare mindre utviding av plangrensa i nord, jf. kartutsnitt for planområdet i innleiinga.

Det kom inn 10 merknader til oppstartsvarsel. Merknader til oppstartsvarsel er gjennomgått og vurdert i PLT-sak 049/2018.

### **Høyring og offentleg ettersyn**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk gjorde vedtak om første gongs høyring og offentleg ettersyn i vedtak av 13.06.18, sak 049/2018.

Offentleg ettersyn vart kunngjort i Strilen og på kommunen si heimeside 25.06.18 med høyringsfrist 15.08.18. Grunna ressursituasjonen på planavdelinga vart høyringsbrev ikkje sendt ut før 20.07.18, og høyringsfristen måtte difor forlengast til 07.09.18.

### **Vurdering av merknader**

Det har kome 6 merknader etter offentleg ettersyn og høyring:

#### **Hordaland fylkeskommune i brev av 28.08.18**

##### ***Planfaglege merknader***

*Vår vurdering er at planarbeidet er oversiktleleg og fagleg bra. Planen vil slik vi ser det legge grunnlag for å rydde opp i forhold som ikkje er gunstige for dagens barnehagedrift, og legge til rette for nye fasilitetar som vil kome borna i området til gode. Kommunen har for tida Kommunedelplan for Bø under arbeid, og opplyser at desse planarbeida er koordinert. Det er bra at ein ser dei pågåande planprosessane i samanheng.*

### **Barn og unges interesser / Støy og trafikktryggleik**

Vi merker oss at deler av barnehagens areal er planlagt i gul støysone. At det er anna areal i planområdet som ikkje ligg i gul støysone, kan ikkje karakteriserast som avbøtande tiltak. Det må difor gjerast tiltak for å redusere støynivået i det området som fell inn under gul støysone. Vi viser til retningsline T-1442/2016 om støyhandtering i arealplanlegginga, som vi ber kommunen ta med seg i det vidare planarbeidet.

Ut over dette stiller vi oss positive til at våre merknader omkring fokus på folkehelse og barn og unges interesser i stor grad er følgt opp i planarbeidet. Eit sentralt tema i planen er å sikra trafikkikker åtkomst til skule og barnehage og for mjuke trafikantar. Planforslaget legg til rette for forbetra trafikktryggleik og løysingar for ein trygg anleggsgjennomføring og det vurderes at trafikktryggleiksrisiko som følgje av planforslaget vert vesentlig forbetra i høve til dagens situasjon.

### **Klima og og klimatilpassing**

Følgjeverknadene av klimatiske endringar kan vere akutte hendingar som ekstremnedbør og generelt større nedbørmengder. Auka overvatn vil stille andre krav til utbyggingsmønster, byggeskikk og utforming av uteareal. Lokale vegar og uteplassar må utformast slik at ein reduserer faren for flaum og oversymjing.

Einsidig bruk av harde overflatar og asfalt aukar risiko for skadar frå overvatn. Føre-var-prinsippet må leggjast til grunn ved detaljutforming av uteareal og i utbyggeområde. Jf. NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder.

Vi oppmodar om at gode og miljøvenlege energiløysingar blir nytta. Vi syner forøvreng til kap. 5.3 i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 for retningsliner for planlegging.

### **Kulturminne og kulturmiljø**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. I samband med offentleg ettersyn varsla me ei kulturhistorisk synfaring innanfor det utvida planområdet, sjå vårt brev datert 20.08.2018. Synfaringa vart utført 21.08.18 og det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne og potensialet for funn vart vurdert til å vera lågt. Me finn det derfor ikkje naudsynt å gjera ytterligere undersøkingar.

Me har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

### **Samferdsel**

I samband med levering og henting av barnehagebarn vil det vere ein del trafikk inn og ut av området. Trafikktryggleik er eit viktig tema då mange barneskoleelevar vil ferdast her, og vi legg til grunn at det vert etablert gode løysingar som sikrar tilkomst og kryssing av veg for mjuke trafikantar.



## **Konklusjon**

*Hordaland fylkeskommune stiller seg positive til planforslaget, og har merknader til planforslaget når det gjeld barn og unge sine interesser, støy og trafikktryggleik, klima og klimatilpassing og samferdsle. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare, og ønskjer lukke til med det vidare planarbeidet.*

### Rådmannen si vurdering:

Det er teke inn krav i føresegna om at støy på uteareal skal vere i samsvar med krav i T-1442/2016.

Det er vidare lagt inn krav i føresegna som sikrar kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter ol.

Tilvising til NOU 2015:16 *Overvann i byer og tettsteder* og kap. 5.3 i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 er teke inn i føresegna.

Merknadene er teke til følgje.

### Fylkesmannen i Hordaland i brev av 23.08.18

*Fylkesmannen si vurdering er at planen i hovudsak er god. Vi har berre merknader på temaet støy.*

*Deler av barnehagen sitt uteareal vil ligge i gul støysone. Det er vurdert at ettersom det finst tilstrekkeleg med andre ikkje støyutsette uteareal innanfor planområdet, er det ikkje naudsynt med ytterlegare tiltak.*

*Fylkesmannen er ikkje samd i denne vurderinga. I gul støysone bør ein vere varsam med å tillate etablering av nye bustader, fritidsbustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, skular og barnehagar. I utgangspunktet bør slik busetnad berre tillatast der ein gjennom avbøtande tiltak klarer å overhalde dei anbefalte grenseverdiane jf. retningslinje T-1442/2016 for behandling av støy i arealplanlegging.*

*Trafikkstøy kan gi helseplager. Vi viser til Folkehelseinstituttet sin folkehelse rapport (<https://www.fhi.no/nettpub/hin/miljo/stoy/>) der det mellom anna står at: «Støy er definert som uønsket lyd og kan forårsake søvnforstyrrelser, redusert livskvalitet og redusert helse.» Det står også at «barn er under stadig utvikling og har ikke ferdig utviklede mestringsstrategier; de har mindre kontroll over sine omgivelser enn voksne, og anses derfor som sårbare for støypåvirkning.»*

*Fylkesmannen viser også til ROS-analysen i planforslaget. Her er støy vurdert som sannsynleg (3) med konsekvens ubetydeleg (1), og hamnar då i grøn kategori. KSA er ikkje samd i denne vurderinga. Vi meiner at støy frå veg må vurderast som svært sannsynleg (4) med mindre alvorleg konsekvens (2). Det er sannsynleg at støy frå vegen kan skje regelmessig; tilhøvet er kontinuerleg til stades og konsekvensen vil vere få/små person- eller miljøskadar. Støy frå veg vil då ligge i raudt felt i ROS-analysen der tiltak er naudsynt.*

*Sjølv om barnehagen vil få mykje uteareal, betyr ikkje dette at det kan lempast på krava i deler av området. Det støyutsette området vil bli eit område som barna kan opphalde seg i og må så*

*langt som mogleg ha gode kvalitetar.*

*Fylkesmannen si vurdering er at det må gjerast tiltak for å få ned støynivået i det aktuelle området om dette skal nyttast som del av uteområdet til barnehagen. Kommunen må leggje Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) til grunn i planlegginga. Støygrensa for uteareal i barnehagar er 55 dB jf. tabell 3 i T-1442/2016.*

*Vi viser til telefonsamtaler med kommunen 13.08.2018 og 16.08.2018, der kommunen opplyser om at dei kan ta inn naudsynte føresegner om støy i område som skal nyttast som uteareal. Fylkesmannen legg difor til grunn at kommunen legg inn eit føresegn om at krav for støy på uteareal skal vere i samsvar med krav i T-1442/2016, Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging. Vi ser då ikkje grunn til å ha motsegn til planen. Om dette ikkje vert gjort må Fylkesmannen få ein ny moglegheit til å uttale seg i saka.*

#### Rådmannen si vurdering:

Det er teke inn krav i føresegna om at støy på uteareal skal vere i samsvar med krav i T-1442/2016.

Merknaden er teke til følge.

#### **Statens vegvesen i brev av 22.08.18**

*Statens vegvesen har tidlegare fått tilsendt tekniske teikningar for fylkesvegen og har uttalt oss til desse i brev av 19.04.2018. Vi har med bakgrunn i dette mellom anna akseptert ei byggjegrænse på 15 meter på denne strekninga. Vi vil også særleg poengtere behovet areal til annan vegggrunn «AVG» slik det vart skissert i merknadene våre i same brev, og at det må vere tilgang til skjeringa frå oversida av fylkesvegen, slik at dette arealet ikkje vert nedbygd.*

*Vi har i tillegg desse nye merknadene til planen:*

- Med bakgrunn i at dette er eit område der mange barn og unge ferdast er det særleg viktig å ha fokus på trafikktryggleiken. Det gjeld særleg å finne gode løysingar for gangsamband, hente / bringe, parkering, trygg kryssing av veg, varelevering med meir. Vi ser at problemstillingane er drøfta i planskildringa pkt. 5.4, men meiner likevel at planframlegget i større grad kunne drøfta og synleggjort dette.*
- Planframlegget regulerer i stor grad eksisterande forhold for tilbod til mjuke trafikantar. Vi meiner at det bør vere ein heilskapleg standard og breidde for alle fortau og gang- og sykkelveggar innan planområdet. Minimumsbreidde på fortau bør vere 2,5 meter, mellom anna av omsyn til drift av anlegget. Eit anna døme er o\_SGS og o\_SF9 som er samanhengande og som bør ha same føremål, standard og breidde på heile strekninga.*
- Vi har ikkje mottatt ny C-teikning der fortau o\_SFS er synt saman med fylkesvegen, slik vi bad om i vår førre tilbakemelding.*
- Det er teikna inn frisktsoner i kryss og avkøyrslar. Frisikt i krysset mellom Nordbøvegen og fylkesvegen skal vere minimum 6x24 meter. Dette må kome fram av plankart og føresegner.*
- I ROS – analysen kjem det fram at ein skal minke risiko for ulykker i anleggperioden ved at det skal opparbeidast ei mellombels avkøyrslar. Vi vil syne til at reguleringsplanen ikkje gjev heimel for dette og eit slikt tiltak må søkjast om. Ein eventuell søknad må syne ei trafikkikker løysing for tiltaket, før vi kan ta endeleg*

*stilling til dette.*

Rådmannen si vurdering:

Byggegrense mot fylkesveg på 15 meter er teikna inn i plankartet og omtala i føresegna.

Annan veggrunn er teikna inn i plankartet og er teke omsyn til ved at mellom anna parkering i nord er justert. Dette sikrar også tilgang til skjeringar frå oversida av fylkesvegen.

Trafikktryggleik er drøfta i nytt kapittel 5.4 i Planskildringa med illustrasjonar.

Så langt det har vore mogleg er det nytta heilskapleg standard og breidde på alle fortau og gang- og sykkelveg, men her er utfordringar som skuldast at den eksisterande situasjonen ikkje tillèt eller ikkje har fortau med ønskt breidde alle stadar. Krav til minimumsbreidda er formulert som eit «bør» og ikkje eit «skal» frå Statens vegvesen. O\_SGS og o\_SF9 som her er nemnt som døme, er utbetra til eins breidde. Unntaka er eksisterande fortau som til dømes o\_SF2 og o\_SF3 og det nye fortauet o\_SF1 langs Nordbøvegen forbi Hordabøheimen.

Ny C-teikning er sendt Statens vegvesen ved Tone Bøyum, 20.9.2018.

Siktlinjer er justerte, innteikna i plankart og omtala i føresegna.

Mellombels anleggsavkøyrslø er drøfta med Statens vegvesen og vil bli omsøkt i eigen søknad og er soleis ikkje omfatta av planen.

Merknaden er i hovudsak teke til følgje.

**NVE i brev av 10.08.18**

Har ikkje merknader til planframlegget.

Rådmannen si vurdering:

Teke til vitande.

**Ronni Dinesen i brev av 14.08.18**

*Finner ikke i plankart samt føresenger til plan 12602017000900 at område med leire/skred fare er benevnt eller markert. Da plan områdefor 12602017000900 inngår i samme område som for kommundelplan 12602016000100, hvorved leire område er benevnt bør dette markeres på plan kart og skildres i føreseng for 12602017000900, med samme restriksjoner som benevnt for kommundelplan 12602016000100.*

Rådmannen si vurdering:

Kommunedelplan for Bø er eit vesentleg større planområde. Leireskredområdet ligg ikkje innafor plangrensa for Områderegulering for Bø, skule og barnehage.

Merknaden er ikkje relevant og vert ikkje teke til følgje.

## Rune Bø mfl. i brev av 07.08.18

### **1. Val av vegtrasè.**

*Me kan sjå at de framleis meiner at vegtraseen skal gå igjennom byggjefeltet vårt.*

*Me undrast over at de verkeleg kan gå for denne totalt meiningslause løysinga. Vegen er alt for smal slik den er i dag, med sin breidde på totalt/ maks 6 mtr (inkl fortau). Det er ingen moglegheit til å utvide denne, slik me også bemerkta i førre innspel.*

*Korleis planlegg de å imøtekome dagens krav til vegbreidde, når det ikkje er rom til å utvide her, no når de planlegg ny barnehage etter dagens forskrifter?*

*Me trudde at Radøy kommune var ein kommune som tenkte langsiktig. Pr i dag er trafikkmengda svært stor og tilhøva ikkje gode nok for dei mjuke trafikantane. Så lagar de ein plan som gjer desse tilhøva enno verre. Korleis trur de det blir med ny og større barnehage, nye boligområder, nytt hyttefelt, Hordabøheimen osv osv? Slik de legg fram den nye planen, øydelegg de byggjefeltet vårt. Kvifor ikkje vurdere vårt førre innspel, der me føreslår innkjøring og parkering ved gamle "Leite huset"???*

### **2. Tomt 24/266.**

*Denne bemerkta me også i førre innspel me sendte. Det er få eller ingen tomtar att i Bøvågen. Å gjere denne om til ein p- plass, blir difor heilt feil. Slik me tolkar dykkar planutkast, er denne no ein del av Hordabøheimen sitt område. Kvifor??*

*Denne tomten må tilbakeførast til boilgføremål. Slik de skisserar, vil dette øydelegge heilheitsetetikken for byggjefeltet vårt. I salsprospektet for Hordabøheimen stod det at kjøpar måtte opparbeide seg eigne parkeringsplassar. Korleis kan de då gje vekk ein av få tomtar som er tilgjengeleg i området?*

## Rådmannen si vurdering:

1) Når det gjeld val av vegtrasé er det kommunen si oppgåve som planstyresmakt å vurdere ulike alternativ, og vekte fordelar og ulemper ved dei ulike alternativa.

I planprosessen har 4 alternativ vore vurdert:

- A. Nordbøvegen - kommunal veg
- B. «Gamle» Nordbøvegen
- C. Innkjøring ved «Leite huset» (gbnr 24/22)
- D. Innkjøring sør for Hordabø skule

Når det gjeld alternativ A «Gamle Nordbøvegen» og alternativ C innkjøring ved gbnr 24/22 føreset begge desse alternativa ny avkjørsle til fylkesveg.

Gamle Nordbøvegen er stengt i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Nordbø, planid. 12601994000100. Stenging av kryss frå «Gamle Nordbøvegen» til fylkesveg var eit krav frå Statens vegvesen og ein føresetnad for at reguleringsplanen for Nordbø vart godkjent i 1994:



### §3 OFFENTLEG TRAFIKKFØREMÅL

1. Det skal etablerast ny avkjørsle til Nordbø frå fylkesvegen sør for eksisterande avkjørsle til Bøvågen bustadfeltet. Avkjørsla frå fylkesvegen til Nordbø (v/Bø barnehage) skal stengjast.

Ved regulering av avkjørsler til fylkesveg skal *Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest* leggjast til grunn. Det følgjer av rammeplanen at

*Forsking syner at det er ein samanhengen mellom talet på avkjørsler på ei vegstrekning og risiko for ulykker. Forskingsresultat frå fleire større undersøkingar i USA og Italia viser at talet på ulykker aukar med om lag 2,3% når talet på avkjørsler aukast med éin, langs tofeltsvegar i område med spreidd busetnad. Norske undersøkingar underbyggjer dette og syner at den relative risikoen for ulykker stig når tettleiken på avkjørsler aukar på alle typar vegar.*

Prinsipp for plassering av avkjørsler følgjer av rammeplanen side 17:


*Høve til å knyte seg inn på eksisterande avkjørsel skal alltid vurderast først. Nye avkjørsler vert vist til eksisterande avkjørsel der denne er rimelig nær. Når ny avkjørsle som erstattar eksisterande avkjørsle vert etablert, skal gamal avkjørsle stengast fysisk.*

*Avkjørsleløyningar som betrar dagens trafiksikkerheit, må vurderast positivt. Avkjørsler bør gjerast godt synlege frå hovudveg, spesielt for å unngå situasjonar med kraftig nedbremsing og fare for påkøyring bakfrå.*

Både gjenopning av «Gamle Nordbøvegen» og etablering av ny avkjørsle ved gbnr 24/22 vil vere i strid med rammeplanen og vil redusere trafikktryggleiken i området totalt sett. Gjenopning av «Gamle Nordbøvegen» vil også kome i strid med krav og føresetnader for gjeldande reguleringsplan som utbygging av området har skjedd i samsvar med.

Når det gjeld alternativ D innkjøring sør for Hordabø skule, er dette vurdert som ei løysing som kjem i konflikt både med byggegrense mot fylkesveg, trafikktryggleik og omsynet til skulen og skuleborna. Statens vegvesen har sett krav om 15 meter byggegrense og veg kan ikkje plasserast innfor denne sona. Avstanden mellom Hordabø skule og vegmidte fylkesveg er 23 meter. Ein veg sør for skulen vil måtte plasserast 2 meter frå veggen på skulen om den skal leggjast sør for skulen. Området sør for

skulen er vidare eit område som er mykje nytta av skuleelevene både til ferdsle og til uteopphald. Området har grønne kvalitetar og er solrikt.



*Området sør for Hordabø skule*

Alternativ A Nordbøvegen er ein regulert, offentlig veg. Vegen har dei seinare åra vore gjenstand for fleire trafikksikringstiltak i form av både nedsett fartsgrense, fortau, fartshumpar og veglys, og har god standard. Vegen har vore den lovlege tilkomstvegen til barnehagen sidan barnehagen vart bygd, og også til Hordabøheimen når denne var i drift som sjukeheim. Vegen er samstundes gjennomfartsveg for bustader og hytter på Nordbø. Nordbøvegen er i områderegulering for Bø, skule og barnehage, regulert med ei vegbreidde på 6 meter, pluss fortau på 2 meter. Eit lite strekk av vegen er regulert med vegbreidde på 5 meter grunna plasstilhøve.

Det er seks bustadeiningar som grensar til Nordbøvegen mellom kryss mot fylkesvegen og kryss mot barnehagen. Av desse har tre bustadeigarar merknader til planen, gbnr 24/250 (bygd 1998) og 24/257 (tomannsbustad bygd 2010). Begge bustadane er bygd etter at Nordbøvegen vart regulert som kommunal veg, og avkjørsle til «Gamle Nordbøvegen» vart regulert stengd. Eigedomar som grensar til offentlig veg må forvente at det skjer endringar i både bruk og trafikkmengde. Men i dette høvet er det rådmannen si vurdering at reguleringsplanen ikkje vil medføre vesentlege endringar korkje i bruk eller trafikkmengde, og at motstanden mot planen reelt er eit ønskje om å stoppe den regulerte og etablerte bruken av vegen. Øvrige bustadeigarar som har signert på merknad frå Rune Bø mfl. har ikkje eigedomar som grensar til Nordbøvegen.

Rådmannen viser samstundes til uttale frå Statens vegvesen

*Planframlegget flateregulerer i stor grad eksisterande situasjon. Den nye barnehagen vil ha om lag same kapasitet som eksisterande barnehage, og det vert ikkje lagt opp til vesentlege endringar i arealbruken. Tilkomst til barnehagen går om kommunal veg Nordbøvegen, forbi Hordabø skule, slik det er regulert i dag. Innan planområdet er det utført fleire trafikktryggingstiltak, mellom anna nedsett fartsgrense, fartsdumpar og auka belysning.*

og uttale frå Hordaland fylkeskommune

*Eit sentralt tema i planen er å sikra trafikksikker tilkomst til skule og barnehage og for mjuke trafikantar. Planforslaget legg til rette for forbetra trafikktryggleik og løysingar for ei trygg anleggsgjennomføring og det vurderast at trafikktryggleiksrisko som følgje av planforslaget*

vert vesentlig forbetra i høve til dagens situasjon.

Vurderinga av dei ulike alternativa viser at det er Nordbøvegen som er det einaste reelle alternativet, og også det alternativet som best tek i vare dei samfunnsmessige omsyna, mellom anna trafikktryggleik.

2)


Gbnr 24/266 har fått kombinert byggeføremål i Områderegulering for Bø, skule og barnehage, ikkje parkering. Kommunen har heller ikkje avhenda eigedomen til eigar av «Hordabøheimen» (gbnr 24/86). Eigedomen gbnr 24/266 er framleis ein eigen eigedom, eigd av Radøy kommune.

Eigedomen har i gjeldande reguleringsplan for Nordbø arealføremål offentlig tenesteyting.



Utsnitt frå reguleringsplan for Nordbø

Også i overordna plan har eigedomen arealføremål tenesteyting.




Utsnitt frå Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23

Eigedomen har såleis aldri hatt bustadføremål, og det er difor ikkje eit tema å «tilbakeføre» eigedomen til bustadføremål.

Eigedomen gbnr 24/266 er etablert som parkeringsplass per i dag. Eigedomen er på ca 1 daa, men vil ha byggegrense mot kommunal veg på to sider og frisisone mot kryss, og det vil vere naudsynt med buffer mot Hordabøheimen om eigedomen skal nyttast til bustad. Eigedomen vil difor få vesentleg redusert byggbart areal og kommunen har vurdert at eigedomen er lita eigna som frittliggjande

bustadeigedom.



Ortofoto 2015 – gbnr 24/266

I områderegulering for Bø skule og barnehage har eigedomen kombinert byggeføremål. Føremålet dekker eksisterande bygning og tilhøyrande anlegg. Området kan nyttast til hybelhus, undervisning, institusjon, kyrkje/anna religionsutøving, forsamlingslokale, administrasjon, kontor, overnatting og bevertning.

Merknaden vert ikkje teke til følgje.

### Konklusjon

Kommunen har i hovudsak teke til følgje merknader frå regionale styresmakter. Merknad frå ein privat grunneigar er ikkje relevant for planen og merknader frå øvrige grunneigarar er ikkje teke til følgje. Det er ikkje knytt motsegn til planen, og planen kan eigengodkjennast av kommunen.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Områdereguleringsplan for Bø, skule og barnehage, planid. 12602017000900 vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Teiknforklaringa må rettast slik at liner som skal vere juridisk bindande framstår som juridisk bindande i teiknforklaringa.
2. Plannamn må rettast i tittelfeltet i kartet.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 12-12.

### Vedlegg:

2308\_BC\_barnehage\_Planskildring\_181004



Bç barnehage\_ROS\_analyse\_181003

1260 2017 0009 00 HORDAB¥\_Regplan\_181004\_A1 tegning

Bø skule og barnehage føresegner

Bç Barnehage\_8000\_B\_180911\_fargelagt

Bç skule og barnehage\_Arealkart\_B\_181004

1260 2017 0009 00 HORDAB¥\_Regplan\_181004\_Arealliste

Fråsegn til Områderegulering - Bø skule og barnehage - 1. gongs høyring og offentlig ettersyn.pdf

AcosSvarInn.xml

Plansak 12602017000900 - Områdeplan - Bø skule og barnehage m.fl. - merknad

Uttale - Offentleg ettersyn - Radøy - Gnr 24 bnr 22 m fl - Bø skule og barnehage m m - Områderegulering

Plansak 12602017000900 - Områdeplan - Bø skule og barnehage m.fl. - merknad Statens vegvesen

Dokument 17187696-11 Uttale - Områderegulering - Fv. 409 - Bø skule og barnehage - Gnr. 24. bnr. 22, 66 m

Plansak 12602017000900 - Områdeplan - Bø skule og barnehage m.fl. - merknad R. Dinesen

innsigelse 1 gongs horing

Plansak 12602017000900 - Områdeplan - Bø skule og barnehage m.fl. - merknad NVE

201836438-2NVE si generelle fråsegn - Offentleg ettersyn - Områdereguleringsplan Bø skule og barnehage - Radøy kommune

Plansak 12602017000900 - Områdeplan - Bø skule og barnehage m.fl. - merknad Rune Bø med fleire

Hovedutvalg\_13-06-2018

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 053/2018 | Formannskapet i Radøy | PS   | 04.09.2018 |
| 036/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 18.10.2018 |

| Sakshandsamar      | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|--------------------|--------------|--------------|
| Grete Algrøy Herøy | 17/1956      | 18/10156     |

### Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Lindås kommune har fått prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland til å greie ut felles barnevernkontor med kommunane Meland og Radøy.

I samband med planlegging om bruk av midlane vart utgreiing av felles barnevernkontor sett i samband med kommunesamanslåinga og er ein del av program for bygginga av Alver kommune.

Arbeidet er prosjektorganisert og prosjektleiar er tilsett som barnevernleiar for felles barnevern og seinare barneverntenesta i Alver kommune.

Under føresetnad om endeleg vedtak i dei tre kommunestyra vert samarbeidet organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28-1 b, med Radøy kommune som vertskommune.

Det er planlagt at dagens tre barnevernstenester vert samlokalisert frå 01.12.2018 i Geco-bygget i Knarvik. Oppstart av vertskommunesamarbeidet vert 01.01.2019 og frå 01.01.2020 vert dette barnevernstenesta i Alver kommune.

#### Vurdering

Det har vore gjort eit omfattande arbeid i prosjektperioden fram mot eit felles barnevern, med mange prosessar både på fag-, personal- og økonomiområdet. Den nye felles barnevernsorganisasjonen er no rigga og ganske klar for å bli sett i drift. Samarbeidsavtalen som ligg føre regulerer forholda mellom samarbeidskommunane i året der Radøy kommune er vertskommune.

Felles barnevernsteneste vil styrka barnevernsarbeidet i dei tre kommunane. Det vert vurdert som hensiktsmessig at barnevernstenesta blir slått saman før 01.01.2020 og med dette er rigga og klar til

samla å gå inn som barnevernstenesta i Alver kommune frå 01.01.2020.

#### Økonomi:

Budsjett og avrekning av kostnader er prega av at kommunane vert Alver kommune frå 2020. Budsjett for 2019 tek utgangspunkt i kvar av kommunane sitt driftsbudsjett i inneverande år, korrigert for venta pris- og lønsvekst, sjå samarbeidsavtalen pkt 8.

#### **Konklusjon**

Dei tre kommunane må gjere likelydande vedtak om vertskommuneavtalen, der Radøy vert vertskommune for barnevernstenesta i kommunane Lindås og Meland, fram til 01.01.2020 då felles barnevernsteneste ligg i Alver kommune.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek felles barnevernsteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019.

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Meland og Lindås vert godkjend. Radøy kommune er vertskommune.

Kommunestyret delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernsleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.2019.

#### **Formannskapet i Radøy - 053/2018**

##### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **FS - vedtak:**

Kommunestyret vedtek felles barnevernsteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019.

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Meland og Lindås vert godkjend. Radøy kommune er vertskommune.

Kommunestyret delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernsleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.2019.

##### **Vedlegg:**

Prosjektmandat 2017

Interkommunal samarbeidsavtale. 16.5.18

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 054/2018 | Formannskapet i Radøy | PS   | 04.09.2018 |
| 037/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 18.10.2018 |

| Sakshandsamar          | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|------------------------|--------------|--------------|
| Bente Kopperdal Hervik | 18/1661      | 18/11625     |

## Revidering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 for Radøy kommune vart vedtatt i kommunestyret 3. mars 2016. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-1 skal handlingsdelen reviderast årleg.

#### Vurdering

Revidering av handlingsplanen har vore kunngjort i brev til lag og organisasjonar, på nettsida, på facebook og i lokalavisene. Idrettsrådet har delteke i møte og hatt saka til uttale.

Det kom inn eitt innspel via telefon i samband med revideringa. Dette gjeld toalett i Sæbøvågen. I tillegg har idrettsrådet meld at rehabilitering av grasbana på Hordabø idrettspark og 200 meter riflebane er anlegg som bør koma med på prioritert plass på lista.

Spelemiddelordninga for idrett og fysisk aktivitet består av to ulike ordningar. Dette er **ordinære anlegg** som er anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet eigenorganisert fysisk aktivitet og **nærmiljøanlegg** som er utandørsanlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet i tilknytning til bu- og aktivitetsområde.

#### Endringar i prioriteringsliste for ordinære anlegg

Fire anlegg fekk løyving i 2018 og går ut av lista. Dette gjeld:

- 100 meters riflebane i Haukåsen
- rehabilitering av golvet i Radøyhallen
- kunstgrasbana i Grønålen
- lysanlegget på Hordabø

Dei andre anlegga er flytta oppover, slik at øvst på lista står no anlegg som er ferdige eller under bygging og som har søkt tidlegare, medan anlegga som er planlagt starta opp i løpet av det neste året står på dei neste prioriterte plassane.

200 meter riflebane er flytta opp til prioritert plass då denne er planlagt starta opp i løpet av det neste året. Rehabilitering av grasbana på Bø er tatt inn på prioritert plass på lista. Tursti Manger-Tusenårsstaden-Nøttveitveten-Nøttveit er flytta frå ordinære anlegg til nærmiljøanlegg då alle turstiar uansett lengd no vert definert som nærmiljøanlegg. Klatrehallen i Hordabø idrettspark er flytta ned frå prioritert plass då denne ikkje ser ut til å verta realisert det første året.

#### Endringar i prioriteringsliste nærmiljøanlegg

To anlegg fekk løyving i 2018 og går ut av lista. Dette gjeld:

- Klatreanlegget ved Sæbø skule
- Gapahuken ved Nesvatnet

Rehabilitering av ballbingen på Sæbø skule er flytta opp til prioritert plass då denne kan verta aktuell å realisera i løpet av det neste året. Turstien Manger-Tusenårsstaden-Nøttveitveten-Nøttveit er som nemnd tatt inn på prioriteringslista over nærmiljøanlegg.

#### Endringar i handlingsplan for aktivitet

Vurdering av gratis halltid i Radøyhallen for aktivitetar for born og unge i regi av lag og organisasjonar vert vurdert i samband med budsjettet for 2019. Dei andre tiltaka bør gjerast i Alver kommune, og vert tatt ut av lista.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Handlingsplanen for idrett-, friluftsliv- og nærmiljø 2018 – 2022 vert vedteke slik den ligg føre.

#### **Formannskapet i Radøy - 054/2018**

##### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **FS - vedtak:**

Handlingsplanen for idrett-, friluftsliv- og nærmiljø 2018 – 2022 vert vedteke slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Utkast til handlingsplan 2018

Idrettsplan endeleg versjon

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 067/2018 | Formannskapet i Radøy | PS   | 04.10.2018 |
| 038/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 18.10.2018 |

| Sakshandsamar   | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|-----------------|--------------|--------------|
| Sveinung Kvamme | 18/1031      | 18/13984     |

### Tertialmelding januar - august 2018

#### Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram tertialmelding for perioden januar – august 2018, i form av to dokument, eit rekneskapoversyn med kommentarar og eit oversyn over investeringar.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialmelding for perioden januar – august 2018 vert teken til etterretning slik den ligg føre-

#### Formannskapet i Radøy - 067/2018

##### FS - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om situasjonen for årets drift. Han peika på at 2018-budsjettet er stramt, og at drifta vil enda opp med eit meirforbruk. Det skuldast mellom anna at paviljongen som er på plass ved Manger skule frå inneverande skuleår, må førast på drift og ikkje som investering. Også andre tenestoområde vil koma ut med meirforbruk, pluss at skatteinnngangen er lågare enn forventa. Eit stort disposisjonsfond og eit nytt havbruksfond gjer at kommunen trass dette har god økonomisk kontroll. Økonomisjefen sa at det generelt sett ikkje er rom for vekst i drifta neste år, og at det blir jobba ut frå dette i dei ulike tenestoområda.

Rådmann Jarle Landås gav ei grundig oversikt over status for investeringsprosjekta på 2018-budsjetta. Han sa at det blir jobba systematisk med oppfølging av investeringsprosjekta. Ordførar Jon Askeland konkluderte med at dei aller fleste prosjekta blir gjennomført i år, og at rådmannen har lagt fram god grunngjeving på kvifor prosjekt ikkje vert realisert i år. Roy Bø (FrP) peika på at investeringar innan teknisk drift dei siste par åra har gitt gode resultat, og han meiner det må leggest opp til nye investeringar i utstyr på sektoren.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Tertialmelding for perioden januar – august 2018 vert teken til etterretning slik den ligg føre.

**Vedlegg:**

Tertialrapport\_2018\_T2\_V2

Tertialmelding investeringsprosjekt revidert 021018

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 069/2018 | Formannskapet i Radøy | PS   | 04.10.2018 |
| 039/2018 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 18.10.2018 |

| Sakshandsamar   | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|-----------------|--------------|--------------|
| Sveinung Kvamme | 17/1032      | 18/14093     |

### Uteområde Sæbø skule - utvida omfang

#### Saksopplysingar:

I investeringsbudsjettet for 2018 er det løyvd kr 1.000.000 til uteområdet ved Sæbø skule. Løyvinga var basert på grove kostnadsoverslag, til oppgdradering av uteområdet basert på ein heilskapleg plan. Grunntilhøva har gjort det naudsynt å drenera området. Det er henta inn pris på drenering og asfaltering på kr 1.046.000 inkl mva.

Ein heilskapleg plan tilseier at det skal etablertast leikeapparat, som også må sjåast i samanheng med asfalteringa. Det er henta inn pris på gummidekke og ulike leikeapparat, samla kr 741.107,50 inkl mva.

Samla kostnad for drenering, asfaltering og leikeapparat er ca 1,78 mill. Det er sterkt ønskjeleg å få arbeidet gjort i samanheng.

Etter rådmannen si vurdering vil den framlagde løysinga gje eit godt, heilskapleg uteområde for skulen, og ber såleis om ei tilleggsløyving på kr 800.000 for å kunna realisera området. Finansiering vert gjort ved bruk av unytta lånemidlar.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd ytterlegare kr 800.000 til uteområde Sæbø skule, prosjekt K2140. Løyvinga vert finansiert ved bruk av unytta lånemidlar.

#### Formannskapet i Radøy - 069/2018

##### FS - handsaming:

Rådmann Jarle Landås opplyste at det viste seg å vera nødvendig med sprenging for å få til god drenering på uteområdet ved Sæbø skule, noko som forklarar ein god del av kostnadsauken. Formannskapet konkluderte at det er nødvendig med ei skikkeleg oppgradering av uteområdet ved skulen.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.



**FS - vedtak:**

Det vert løyvd ytterlegare kr 800.000 til uteområde Sæbø skule, prosjekt K2140. Løyvinga vert finansiert ved bruk av unytta lånemidlar.